

## REFERAT FRÅ STYREMØTE ONSDAG 27.08.19

Desse møtte:

Unni, Elin, Knut Oddvar, Marie, Morten, Roy Åge og Salah.

Fråverande: Anne Karin og Olav

### Sak 1. Rulleskirenn

Til helga er det rulleskirenn og del av det starter i Treungen. Treungen IL er med og hjelper og tjener litt på det.

Elin orienterte.

### Sak 2. Referatsaker

Me hadde søkt om penger til heilårssti frå eiendomsskattmidlane, og fekk 65000 til dette.

Olav Nilsen ønsker å være med i planleggingsgruppe. Elin snakker med han.

### Sak 3. Klatreklubb og festival

Knut og Marie orienterte om denne. Det er åpna for bygdefolk i år, det var planen for det er viktig for å få til rekruttering i klatremiljøet frå bygda.

Dette er eit samarbeid med Fri Flyt og dei er økonomisk ansvarlig. Mi er ansvarlig for gjennomføring av arrangementet som skjer til helga.

### Sak 4 Grasbanen

Det har skjedd ein del på denne i sommer. Kommunen kjøpte inn luftar og Frank har kjørt denne mange gonger. Det er og sprøyta og gjødsla.

Kommunen betalte oss 20000 for denne jobben som er vidare betalt til folk som har gjort denne jobben.

Mi snakka litt om at kommunen burde kjøpe robotgrasklyppar.

### Sak 5. Ishockey

Lars Veum ønsker å starte ishockey i Treungen. Den nye kunstgrasbanen som er tenkt å bruke til skøyting om vinteren, vil være ypperlig til det. Mi treng litt utstyr og tenker å søke om litt støtte til det frå Sparebankstiftelsen.

### Sak 6 Toppturbøker

Mi må få samla inn toppturbøkar frå ei 15 toppane og foreta ei trekking på desse. Elin organiserer, så legg mi nye bøker ut på Best og spør folk om å bytte. Mi tar premieutdeling under fotballavslutninga i høst.

### Sak 7. Fakturering

Pga diverse utfordringar ved fakturering vedr rabattar og søskenmoderasjon så må mi endre litt på dette for å gjere det enklare.

Unni snakker med kretsen om mulighet til å fakturere medlemskontigent og ev treningsavgifter gjennom klubb admin.

Mi vedtok å kutte ut rabatt, så frå høsten blir det desse satsane: kr 400 for spinning/zumba/kr 200 for andre aktivitetar.

Mi diskuterte treningsavgifta for fotball, og utsatte denne til neste møte sidan ingen frå fotballgruppa var til stades.

### Sak 8. Slalåmbakken

Roy Åge ordner ein dugnad der snart.

### Sak 9. Søknad om tilskot

Mi vil søke Sparebankstiftelsen om tilskot til utstyr ishockeybane og garasje/heisbu alpinbakken.

### Sak 10. Friidrett

Salah er ein friidrettsmann, og ønsker å starte opp friidrett for ungar frå 10 år og oppover. Han jobber vidare med det.

### Sak 11. Kunsgrasbane

Den er så og sei ferdig og Elin orienterte om dette. Det er ønske om å få opp ljøs der og Hølje jobber med den saken.